


Informasjon til mottakarar av heimetenester

Astrid Dimmen, avdelingsleiar heimetenestene, mai 2020



Informasjon til mottakarar av heimetenester

No har vi kome til mai, og vi er framleis i den heldige situasjon med svært lite koronasmitte i vår region. Likevel forstår vi at mange kan vere bekymra for å bli smitta, og særleg viss ein er avhengig av hjelp frå andre i kvardagen.

Heimetenestene har stort fokus på basale smittevernrutinar. Vi følger dei nasjonale råda for smitteforebygging og dei tilsette har fått god opplæring. God handhygiene og hostehygiene er dei viktigaste førebyggjande tiltaka vi gjer. Vi er også nøye med at tilsette med luftvegssymptom ikkje skal kome på jobb. Dei som er sjuke vert testa for smitte. Dersom personalet skal inn i ein heim der nokon har luftvegssymptom skal dei nytte beskyttelsesutstyr. Difor er det viktig at dei får informasjon dersom du eller nokon andre i heimen har fått feber, sår hals eller hoste eller av annan grunn har blitt testa for covid-19. I så fall ber vi om at du tek kontakt med heimetenestene per telefon og opplyser om dette, slik at dei kan vere førebudd og ta på seg beskyttelsesutstyr i tide.

Mottakarar av helse- og omsorgstenester er prioritert gruppe for å bli testa. Dei som får luftvegssymptom må sjølv kontakte legesenteret og be om å verte testa. Vi vil også minne om viktigheita av at der er såpe og tørkepapir tilgjengeleg i heimen, til bruk for hjelparane som er innom. På førehand takk!

Med ynskje om ein fin og smittefri vår for alle,

helsing Astrid Dimmen

avdelingsleiar heimetenester

Telefonnummer:

Ambulerande heimetenester gruppe 1 og 2 (**Volda**) **91852571 / 91852570**

Ambulerande heimetenestene gruppe 3 (**Hornindal**) **91619486 / 57879869**